

Møtereftrat, Sunnfjord kulturråd 25.11.2022

Til stades: Svein Inge Bjørkedal, Kirsten Johanne Friis, Leon Årdal, Karen Helga Maurstig, Janne Karin Støylen, Daniel Figueiredo

- **Oppsummering av møte med Bergen og Askøy Kulturråd (Svein / Kirsten)**

Kirsten og Svein hadde eit godt møte med Bergen og Askøy kulturråd i november. Gode tips om arbeidsmetodar blei delt. Mellom anna inkludere kulturrådet på postlistene i forkant av kommunestyremøte og jobbe med planarbeidet – vere i forkant. Også nemd aktuelt prosjekt:

- **Felles paraply for kulturråd i Vestland fylkeskommune - region?**

Bergen og Askøy ynskjer å lage ein felles organisasjon som representerer kulturråda på regionsnivå. Det er også gjeve singlar frå fylkeskommunen at dette vil bli teke godt i mot. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane kan vere aktuell som ein del av finansieringa for prosjektet.

Vedtak: SKR er positive til å del i dette arbeidet.

- **Vår dag – frivillighetens år (Svein / Kirsten / Leon)**

2022 er frivillighetens år, og skal feirast med «Vår dag» i heile landet. Folkorg har knytta seg til prosjektet, og SKR har difor invitert partar knytt til folkemusikk og -dans, samt ungdomslag, til møte om eit felles arrangement 16. juni 2022. DNB Sparebanstiftelsen har løyvd omkring kr 5.000.000 til feiring av Vår dag – der kvar lag/organisasjon kan søkje inntil kr 25.000,-

SKR har invitert aktuelle partar i Sunnfjord kommune til møte om Vår dag. Møte skal gjennomførast tysdag 30.11 kl 18:00.

Søknadsfrist er sett til 7. februar – søknadsportal blir opna i desember.

- **Sunnfjord kommune – avtale og driftstilskot**

Leiar informerer: Samarbeidsavtale med Sunnfjord kommune er signert. SKR har også fått innvilga kr 13.000 i driftstilskot for 2021.

- **Fakturering av kontigent**

Vedtak: Faktura for kontigent 2021/2022 vert sendt innan 1. februar, med 2 veker forfall. Kontigent må vere betalt får stemmerett ved årsmøtet, som skal skje innan april 2022. Leon foreslår at vi nyttar faktureringsprogram/bokføring levert av Voss regnskap (?).

- **Tidleg «God jul» og anna**

Kulturbautaen: Leiar skal i møte med Sparebankstifelsen for å presentere idéen.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, generell finansiering: kort diskusjon om at SKR og medlemmer også må nytte fleire partar enn Sparebankstiftinga til finansiering av aktivitet, t.d Sparebanken Vest, SFE og andre aktuelle støttemidlar.

Firda: Aktuelt med Friskus-kalender på firda.no? Flott artikkel i Firda om julekonsertar og dekning av Barnas verdsdag.

Neste møte for kulturrådet er torsdag 28. januar, kl 19:00.

God jul!